



Meland Skyttarlag v/Knut Martin Bjørnstad

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1961 - 16/440

Saksbehandlar:

Anngunn Marie Gullbrå

anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:

08.01.2016

Grensepåvising 40/35- Gebyr

Meland kommune finn det ikkje dokumentert at det er tatt noko areal frå 40/35 ved vegutvidinga på 80-talet, som det skulle vore utbetalt erstatning for. Dette vert difor antagelsar og det er difor ikkje klart at det har skjedd noko her som det skulle vore gjort noko med. Det som vart gjort eller ikkje gjort på 80-talet i høve oppmåling og erstatning av veggrunn er i alle høver historisk og høyrer til ei avslutta sak, som ikkje vert tatt opp att no.

Meland kommune finn difor som før sagt ikkje grunnlag for å skulle ta heile kostnaden for klarlegging og merking/måling av det punktet som er vekke.

Det er 3 ulike partar som eig dette grensepunktet. For å imøtekoma dykkar søknad gjer kommunen difor framlegg om å dekkja kommunen sin part, som då er 1/3 av kostnaden med oppmålingsforretning med klarlegging av grense som ikkje tidlegare er oppmålt av kommunen. Gebyret for slik forretning er etter 2015 –regulativet kr. 9.900,-

Kommunen tilbyr difor å utføra dette arbeidet der de som rekviert vert fakturert med kr. 6.600,-

Ein ber om at de kjem med tilbakemelding innan 2 veker om de ynskjer at rekvisisjonen skal stå ved lag eller om de trekkjer saka.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Meland Skyttarlag v/Knut Martin
Bjørnstad

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

